

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10445 - 22/9874

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
02.02.2022

Høyrings sak kulturminne: Søknad om bakkeplanering/jordtipp gbnr 99/4


Alver kommune har motteke søknad 21.12. 21 om løyve til nydyrking/planering om mottak av jordmassar på gbnr 99/4. Det er og søkt om vesentleg terrenginngrep etter plan- og bygingslova. **Søknaden vert oversendt Vestland fylkeskommune for å avklara om tiltaket kan koma i konflikt med kulturminnelova.**

Det meste av arealet har tidlegare vore innmarksbeite, og dei to felta er tilsaman om lag 7 daa. Bruket er ikkje i drift i dag, men planlegg nytt våningshus/driftsbygning og oppstart av sauedrift.

Arealet skal fulldyrkast til lettbrukt fulldyrka jord gjennom terrengtilpasning, bortsprenging av ujamnheiter, planering og drening samt tilførsel av tilkjørte jordmassar. I praksis vil det vera naudsynt å fylla på minimum 1- 1,5 meter jord visst det er mineraljord og 2-3 meter om det er myrjord avhengig av synking. Grovt rekna må det tilførast ein stad mellom 15 -20 000 m³. Det er ikkje oppgitt kor massane skal koma frå anna enn at dei skal koma frå nærrområde.



Figur 1 situasjonskart planlagt jordtipp/planeringfelt



Figur 2 oversiktskart.



Figur 3 Flybilde av området

På flybilde viser det eit større terrengingrep som allereie er utført, denne saka er til behandling på avdeling for Miljø og tilsyn.

Frist for uttale vert sett til 02.03.2022

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune - Dokumentsenter
Fanagro AS

Brugata 6

5200 Os

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

